

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/2237	17/13994

Retningsliner for næringsfond - vurdering

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I formannskapssak 033/12 vart det gjort vedtak om retningsliner for næringsfondet, der det går fram at fondet primært skal nyttast til infrastrukturtiltak og tilrettelegging for næringsutvikling med vekt på infrastruktur, planarbeid og utvikling av Manger senter. Det er også opning for tilskot til nødvendige bedriftsutviklingsiltak for verksemder i ein vanskeleg situasjon. Dette er kommunen sine gjeldande retningsliner, noko som også er stadfesta i fylkesmannen sitt brev av 26.10.2017.

I formannskapssak 036/2017 bad formannskapet rådmannen om ei utgreiing om bruk av næringsfondet knytt til infrastruktur i landbruket.

Det kommunale nærings- og infrastrukturfondet er no kr 2.783.400,99, etter utbetaling av tilskot kr 100.000 i samsvar med lovleg vedtak i sak FS 036/2017.

Rådmannen vurderer landbruk som næring, og legg såleis til grunn at næringsfondet i utgangspunktet kan nyttast til infrastrukturtiltak i landbruket.

Spørsmålet vert då om det er trong for presisering eller avgrensing innafor landbruk, i høve til kva typar tiltak som eventuelt kan vurderast for tilskot frå næringsfondet. Etter rådmannen si vurdering vil det måtta gjerast avveging mellom det landbruksfaglege og det næringspolitiske i kvar einskild sak. Rådmannen ser det såleis som vanskeleg å laga klåre avgrensingar i retningslinene. I den grad det måtte koma søknader frå landbruket om tilskot frå næringsfondet, vil rådmannen sikra at også dei landbruksfaglege interessene vert tekne i vare i saksutgreiinga.

Næringsfondet har uansett avgrensa «levetid», i høve til vedteken kommunesamanslåing, og rådmannen legg til grunn at det aller meste av nærings- og infrastrukturfondet vil verta nytta til planarbeid Manger senter og tilrettelegging på Olsvollstranda, for å sikra vidare utbygging av industriområdet.

Konklusjon

Rådmannen legg til grunn at eksisterande retningsliner er tilstrekkelege, også i høve til infrastrukturtiltak i landbruket.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Retningslinene for næringsfondet vert ståande uendra, slik dei går fram av FS 033/12.

Formannskapet i Radøy - 008/2018**FS - handsaming:**

Vidar Grindheim (H) stilte spørsmål om han er ugild i handsaminga i denne saka, ettersom han er tilsett i Industriutvikling Vest, eit selskap som mottok kommunalt tilskot frå Radøy kommune. Formannskapet erklærte Grindheim til å vera habil til å delta i handsaminga.

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte i saka. Næringsfondet står i dag med ca 2,7 mill. kroner. Rådmannen legg til grunn at det aller meste av nærings- og infrastrukturfondet vil verta nytta til planarbeid Manger senter og tilrettelegging på Olsvollstranda, for å sikra vidare utbygging av industriområdet.

Kenneth Taule Murberg (H) skisserte ei mogleg løysing med å setja av ein pott på t.d. 50.000 - 100.000 kroner av næringsfondet, som vert tildelt aktuelle søkjarar etter utlysing.

Økonomisjefen peika på at det ved ei utlysing av næringsfonds-midlar vil vera behov for ei endring av reglementet for bruk av næringsfondet.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Retningslinene for næringsfondet vert ståande uendra, slik dei går fram av FS 033/12.